


Dugnad ved idrottsplassen på Haram

Sp. 4/2-60



Dugnadsarbeidet ved idrotts-plassen i Haramsgrend som delvis har vore i gong sidan 1954, har gått under hard tempo i det siste. Det er ei stor oppgåve som kviler på ei heller lita bygd, men som no viser teikn til at ungdomer på staden har gått opp i det me stor inetresse.

— Ikkje mindre enn 4—5 traktorar, ei gravemaskin og ca. 10—15 mann har vekselvis vore på

pletten» sidan i vår, fortel prinsus motoren» i banenemnda Johan Strand, så neste vår skal bana vere speleklar.

Bana, som ligg på grensa mellom Haramsgrend og Aakre, ligg lakkert til like ved ungdomshuset — og vil få eit areal på 90 m gange 50.

— Men det har vel kosta mange pengar?

— Til denne tid har vi brukt

12 000 kroner. Vi fekk 1 000 kr. i kommunetilskot, 1 000 kr. av helselaget her, og 1 000 kr. av eit landmannslag. Resten, 900 kr., har vi fått inn ved hjelp av tilstellingar osv. Det kan nemnast at vi har sett oss som mål å fullføra verket utan å låna eit einaste øre. I direkte utgifter reknar vi med at bana vil koma på ca. 15 000 kr. Då reknar vi med at alt arbeid vert gjort med dugnad, sluttar Strand.